FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Ureiningstilsyn
Inspeksjonsrapport

Sakshandsamar: Dagny Alvik
Telefon: 57 64 31 42
E-post: fmsfdal@fylkesmannen.no

Vår dato
15.10.2013

Vår referanse
2013/4393
Rapportnummer
2013.018.I.FMSF

Sunde Resirk AS, avd. Årdal
Pb 193
6882 Øvre Årdal

Tilsyn ved Sunde Resirk AS, avd. Årdal - krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknadar* om forbetringspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Tilstade under kontrollen Frå verksemda: Rolf Bentås	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Dagny K. U. Alvik
Desse hovudtema vart kontrollert: ☒ Internkontroll (ytre miljø) ☒ Risikovurdering ☒ Utslepp til luft eller vatn ☐ Støy ☐ Løyvet med vilkår ☒ Forskriftskrav ☐ Anna:	☒ Avfallshandtering ordinært avfall ☒ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) ☐ Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) ☐ Sikkerheitsdatablad ☐ Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: ☐ Frekvensbasert inspeksjon ☐ Frekvensbasert revisjon ☒ Kontrollaksjon ☐ Ny verksemd (ikkje kontrollert før) ☐ Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	☐ Oppfølging av eigenrapport ☐ Oppfølging av klage/hending/tips ☐ Oppfølging av siste kontroll ☐ Kartlegging ☐ Anna

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **4 avvik** og gjeve **4 merknader** frå ureiningsregelverket. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen innan **15.11.2013**.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker atter at rapporten er motteke. Vedteke kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernsjef

Dagny K. U. Alvik
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Informasjon om verksemda:

Namn på verksemda: **Sunde Resirk AS, avd. Årdal**	Organisasjonsnr.: **972 220 248** Eigd av: **995 772 604**
Stad og kommune: **Utladalen, Årdal kommune**	Kontrolldato: **16.09.2013**
Postadresse: **Pb 193, 6882 Øvre Årdal**	Løyvedato og internt nr.: **22.02.2011**
Risikoklasse: **3**	☐ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiks-lovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Aktuelt regelverk

- LOV 1981-03-13 nr 06: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova).
- FOR-1996-12-06-1127: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- FOR-2004-06-01-930: Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøloverket kan ein finne på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

Vi vil streke under at oppdatert oversikt over regelverk og fokus på vedvarande forbetringar vil på sikt styrke grunnlaget for sikker og lønsam drift. Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang og ønske lukke til vidare.

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **15.11.2013** evt. dato/ar for planar for gjennomføring. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine

vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknyting til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

Orientering om tvangsmulkt
Dersom verksemda ikkje innan rimeleg tidsfrist kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er i verk sett, kan Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt. Ei eventuell tvangsmulkt vil verte vedteke med heimel i § 73 i ureiningslova, men vil bli varsla nærmare før vedtak.

Vedtak om gebyr for kontroll
Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er plasser i risikoklasse 3.

Fylkesmannen varslar med dette at Sunde Resirk AS skal betale eit gebyr på kr. 11 700,- for den gjennomførte kontrollen.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til varselet innan 3 veker, reknar vi vedtaket som endeleg og faktura med innbetalingsblankett vert då sendt frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. De kan klage på vedtaket om gebyr. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeve, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport
Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Mottakskontrollen av farleg avfall er mangelfull

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta § 11-5.
- Internkontrollforskrifta § 5.
- Utsleppsløyve datert 22.02.2011.

Kommentarar:

Verksemda sin kontroll med utfylling av deklarasjonsskjema er mangelfull.
Verksemda sa dei nyleg har starta med å krevje deklarasjonsskjema frå næringslivskundar, og hadde få eksemplar å vise til. Ved mottak av farleg avfall skal løyvehavar sjå til at avfallet er deklarert. Dersom ein leveranse inneheld fleire avfallstypar, må det vere minst ein deklarasjon for kvar avfallstype. Verksemda som leverer farleg avfall er sjølv ansvarleg for at deklareringa er utført korrekt. Dersom dette ikkje er gjort må løyvehavar gi tilstrekkeleg informasjon. Særskild liste skal førast over verksemder som ikkje deklarerer korrekt.

Mottakskontrollen er ikkje tilstrekkelig til å hindre at mottatt farleg avfall vert blanda med andre typar farleg avfall eller ordinært avfall. Verksemda blander farleg avfall med ordinært avfall
Byggavfall som vinylgolvbelegg, byggisolasjon, element med PUR skum mm. vert ikkje sortert ut, men kasta i restavfallet.

Ordinære vindaugsrute og ruter som kan innehalde PCB eller klorparafin vert kasta i same container.

Verksemda har ingen journal for mottatt farleg avfall.
For alt motteke avfall skal mengd av ulike avfallstypar førast nøyaktig etter registrering på godkjent vekt. Alle nødvendige opplysningar om avfallet skal journalførast. Kvar post skal ha sitt eige løpenummer (lagernummer).

Av journalen skal minst framgå: Dato for mottak, avfallsprodusent, lagerplass/tank, mengd avfall, EAL-kode og tal kolli. Det skal og noterast i journalen når avfallet forlet plassen og kor det vert levert (dato og namn). For farleg avfall må ein i tillegg registrere: deklarasjonsnummer, avfallstoffnummer og ved samdeklarering - overført samdeklarasjonsnr.

Avvik 2 **Verksemda handterer ikkje sitt farlege avfall i samsvar med krav**

Avvik frå:
- Avfallsforskrifta § 11-5
- Utsleppsløyve datert 22.02.2011.

Kommentarar:
Verksemda overskrider lagringstida for farleg avfall
Motteke farleg avfall skal leverast vidare til godkjent mottak innan 6 månader. Det var uvist kor lenge vindaugsrutene hadde stått på området, men det var lenger enn 6 månader. Sidan verksemda ikkje fører journal er det vanskeleg å ha kontroll med når avfallet kjem inn og går ut av anlegget.

Farleg avfall er lagra på område som ikkje er tilstrekkeleg sikra mot utslepp
Ee-avfall og kvitevarer stod lagra ute på området, og var ikkje skjerma mot nedbør. Container med knuste PCB- og klorparafinholdige vindauge stod open, men fare for utlekking av miljøgifter. Open IBC conteiner med ukjent flytande avfall kan flyte over ved mykje nedbør.

Verksemda har ikkje system for merking /tilsvarande system for å halde orden på lagerplass for farleg avfall.
Conteinarar for farleg avfall var generelt dårleg merka. Det vart observert ein halvfull IBC conteinar på bakside av garasjen som ikkje var merka, og der innhaldet var ukjend.

Avvik 3 **Verksemda behandlar vindaugsruter, ee- avfall og bilvrak utan å ha løyve til dette**

Avvik frå:
- Utsleppsløyve datert 22.02.2011
- Avfallsforskrifta kapittel 11

Kommentarar:
Vanlege ruter og PCB- og klorparafinholdige vindauge vert knust opp i ein vanleg open 30 m^3 container. Dette skal bli sendt vidare til Follo Truckutleie AS som eksporterer det til Sakab i Sverige. Verksemda kunne ikkje vise til dokumentasjon på at dette var gjort enno.
Knusing av ruter som kan inneholde PCB og klorparafin er å rekne som behandling av farleg avfall og treng eit eige løyve frå Miljødirektoratet.

Verksemda har ei eiga granuleringsmaskin som skil ut kopar frå elektriske leidningar. Plastmaterialet rundt leidningane vert granulert, og sendt vidare til forbrenning. Leidningar er å rekne som ee-avfall og verksemda treng løyve frå Fylkesmannen for å kunne gjere dette.

Det stod mellom anna ein gammal buss på anlegget som det var planar om å miljøsanere. Sunde Resirk AS har kun løyve til behandling av bilar på anlegget i Kaupanger.

Avvik 4 Verksemdas internkontroll har manglar

Avvik frå:
- Internkontrollforskrifta§ 5 2.ledd nr.1-8.
- Utsleppsløyve datert 22.02.2011.

Kommentarar:
Verksemda kjenner ikkje til sine plikter for handtering av sitt farlege avfall.
Verksemda var ikkje kjent med at det var krav om journalføring av farleg avfall, jf. avvik 1.
Verksemda var ikkje kjent med at visse fraksjonar byggavfall kan vere farleg avfall.

Verksemda har ikkje dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall.
Verksemda må utarbeide ei skrifteleg rutine for handtering av farleg avfall som sikrar forsvarleg handtering og at alle krav i løyvet vert følgt.

Beredskapen ved uhell er mangelfull.
Det er krav i løyvet at ein skal etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minimum ein gong pr. år.

Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Kran på ringmur rundt dieseltankane stod open

Kommentarar:
Verksemda har støypt ringmur rundt dieseltankane som skal fange opp evt. lekkasje. På tilsynsdagen stod kranen open. Det er viktig at ein har rutinar for å stenge krane etter tømming av regnvatn.

Merknad 2 Deklarering av farleg avfall - aktør versus produsent

Kommentarar:
Når verksemda mottek farleg avfall er de aktør. Når de sjølve produserer farleg avfall som td spillolje frå maskinpark, tømming av eigen oljeutskiljar mm. er de produsent. I Norbas som er eit nasjonalt register over farleg avfall ser ein at det er registrert store mengder asbest og trykkimpregnert trevirke der de er sett opp som produsent, men der de skulle ha registrert det som aktør.

Merknad 3 Området skal vere inngjerda med eit minst 2 m høgt, tett gjerde

Kommentarar:

Under Dagmarstormen i des. 2011 var gjerdet ved nedre del av anlegget blåst ned. Det var enno ikkje komme på plass nytt gjerde, men fortida var det plassert conteinarar tett i tett som sikra at området var avstengt for uvedkommande. Det var heller ikkje gjerde på det området som var på sida mot elva.

Merknad 4 Rivningsavfall som malt betong mm. må karakteriserast før deponering

Kommentarar:
Det kom fram under tilsynet at betong som kjem inn på anlegget vert knust og at det vert teke ut armeringsjern før deponering på Dalsurdi. Betong som er måla eller inneheld fugeskum kan innehalde farleg avfall, og verksemda må gjere ei karakterisering før slutthandtering av massane. Det kan kun deponerast inert avfall på deponiet på Dalsurdi.

Kopi: Årdal kommune